




Austevoll kommune

Det kgl. Finansdepartement
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Vår ref.
07/01633-004/LEH

Arkivkode.
L10

Dykkar ref.

Dato.
04.01.2008

MELDING OM POLITISK VEDTAK.

UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA.

Kommunestyret handsama i møte 20.12.2007 sak 0143/07.
Følgjande vedtak vart gjort:

Austevoll kommunestyre meiner at regjeringa bør få på plass eit regelverk som sikrar kommunane inntekter for å stille kystsonareal til rådvelde for havbruksnæringa. Kommunestyret vonar det kan gjerast utan at det samla skatte og avgiftsnivået aukar.

Kommunestyret er opptatt av likebehandling av naturressursar og synes dagens system der vasskraftproduksjon og oljeanlegg gjev kommunane store inntekter medan andre ressursar som havbruk og fiskeri ikkje gjev kommunen inntekter. Dette framlegget vil kunne vera med å rette opp denne urettferdigheten.

Til orientering legg ein ved saksframlegg.

Sentraladministrasjonen


Helge Andre Njåstad
Ordfører


Lars Erling Horgen
leiar offentlig servicekontor

Vedlegg: Saksframlegg med vedlegg

Saksprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	20.12.2007
Sak:	0143/07

Arkivsak: 07/01633

Tittel: **SAKS PROTOKOLL: UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA.**

Handsaming:

Tilrådinga vart vedteke mot 5 røyster (Høgre).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre meiner at regjeringa bør få på plass eit regelverk som sikrar kommunane inntekter for å stille kystsoneareal til rådvelde for havbruksnæringa. Kommunestyret vonar det kan gjerast utan at det samla skatte og avgiftsnivået aukar.

Kommunestyret er opptatt av likebehandling av naturressursar og synes dagens system der vasskraftproduksjon og oljeanlegg gjev kommunane store inntekter medan andre ressursar som havbruk og fiskeri ikkje gjev kommunen inntekter. Dette framlegget vil kunne vera med å rette opp denne urettferdigheten.

SAKSFRAMLEGG.

Sakshandsamar: Lars Erling Horgen
Arkivsaksnr.: 07/01633

Arkiv: L10

UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA.

Saksnr : Utval:
0143/07 Kommunestyret

Møtedato.
20.12.2007

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre meiner at regjeringa bør få på plass eit regelverk som sikrar kommunane inntekter for å stille kystsoneareal til rådvelde for havbruksnæringa. Kommunestyret vonar det kan gjerast utan at det samla skatte og avgiftsnivået aukar.

Kommunestyret er opptatt av likebehandling av naturressusar og synes dagens system der vasskraftproduksjon og oljeanlegg gjev kommunane store inntekter medan andre ressursar som havbruk og fiskeri ikkje gjev kommunen inntekter. Dette framlegget vil kunne vera med å rette opp denne urettferdigheten.

Saksdok :

Saksdokument:

- Brev frå Finansdepartementet datert 15.11.2007
- Ordføraren sitt lesarinnlegg om kommuneøkonomi desember 2007

Bakgrunn:

Regjeringa arbeider med fleire spørsmål knytt til å gje kommunane rett til å kreve betaling for bruk av areal i kystsonen. Dette er tema Austevoll kommune har teke opp tidlegare og kommunen bør soleis gje ei uttale til det interdepartementale arbeidet regjeringa har sett i gong.

Vurdering:

Ordføraren i Austevoll peiker i lesarinnlegget sitt i desember 2007 på at det er stor forskjell mellom kommunane etter kva naturressursar dei er sterke på. Kommunar med fossefall og vasskraftanlegg og kommunar med oljeanlegg er vinnarane når det gjeld kommuneinntekter medan kommunar som Austevoll som er sterk på fiskeri kjem dårleg ut.

Austevoll kommunestyre har også tidlegare vore positiv til å la inntekter frå vindkraft bli igjen lokalt og bør leggje det samme prinsipp til grunn for det som skjer i kystsonen.

Austevoll kommune er i dag ein av dei kommunane i landet som har flest havbrukskonsesjonar lokalisert i kommunen. I dag gjev ikkje det direkte tilskot til kommunekassen gjennom arealavgift, men det må understrekast at havbruksnæringa skapar arbeidsplassar som indirekte gjev kommunen skatteinntekter. Men samanliknar me til dømes eit havbruksanlegg med eit vasskraftanlegg er det store forskjellar på kva primærkommunane sitt att med. Straumproduksjon frå vasskraft gjev gode inntekter. Matvareproduksjon innanfor havbruk gjev lite igjen.

På den bakgrunn er ordføraren positiv til at regjeringa no ser på dette. Det er heilt klart behov for å leggja meir til rette for at lokal verdiskaping skal bli att lokalt. Dette gjeld både havbruksnæringa og andre næringar.

Svar på spørsmål frå arbeidsgruppa til kommunane:

Spørsmål 7.

Austevoll kommune har kystsoneplan som vart godkjent i 1988 og seinare er innarbeid i kommuneplanen sin arealdel seinast godkjent juli 2006.

Spørsmål 8.

Austevoll kommune er ein maritim kommune og har soleis sterk fagkompetanse i administrasjonen knytt til kystsone spørsmål.

Spørsmål 9.

Austevoll kommune opplever i dag få konflikter då kommunen har svært stort kystsoneareal som kan romme fleire funksjonar frå næring til friluftsliv.

Det forutsettes at betaling for bruk av kystsonen til vertskommunen ikkje automatisk aukar det samla skatte og avgiftstrykket for havbruksnæringa. Men det vert gjort ein omfordeling mellom stat og kommune. På den måten vil ikkje eit slikt framlegg svekke næringsgrunnlaget. Eit anna godt argument for ei slik ordning er at det vil gje næringa betre vilkår i framtida for etablering. I Austevoll er det i dag få saker med konflikt mellom havbruk og andre interesser men tendensen i andre kommunar er at dette vert meir og meir konfliktfylt og ei avgift som sikra delar av verdiskapinga lokalt vil gje næringa lettare tilgong til areal i framtida.

Då det er ein høyringsfrist 20. desember legg ordføraren saka direkte fram for kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret frå Ordføraren og rådmannen:

Austevoll kommunestyre meiner at regjeringa bør få på plass eit regelverk som sikrar kommunane inntekter for å stille kystsoneareal til rådvelde for havbruksnæringa. Kommunestyret vonar det kan gjerast utan at det samla skatte og avgiftsnivået aukar.

Kommunestyret er opptatt av likebehandling av naturressusar og synes dagens system der vasskraftproduksjon og oljeanlegg gjev kommunane store inntekter medan andre ressursar som havbruk og fiskeri ikkje gjev kommunen inntekter. Dette framlegget vil kunne vera med å rette opp denne urettferdigheten.

VEDLEGG

Ordføraren sitt lesarinnlegg om kommuneøkonomi desember 2007:

Kommunane og Terra

Det er interessant å sitja på utsida å sjå saka som no er det store samtaleemnet i kommunenorge. Nemleg den såkalla Terra-saka til fleire kraftkommunar. Aldri før har kommuneøkonomi vore eit tema så framme i nyhende- og samfunnsdebatt. Eg håpar denne saka tydeleggjer noko som i alle fall eg er veldig opptatt av nemleg få fram dei store urimelege forskjellane mellom inntektene til kommunane.

Her har me altså enkelte kommunar som har så store inntekter og midlar at dei kan gamble med dei. Austevoll for eksempel har ikkje ei einaste krone å sette på børs. Kvifor skal det vera slik at dersom ein kommune har ein foss som har eit vasskraftanlegg skal kommunekassen få store årlege inntekter frå denne? Og kvifor skal det vera slik at enkelte kommunar som har vært heldig å få lokalisert oljeanlegg (Døme som me kjenner godt er Mongstad, Kolsnes, Sture og Kårstø). Dette gjev kommunane Øygarden, Tysvær, Austrheim og Lindås store årlege inntekter fordi Statoil og Hydro ein gong har plassert anlegg i akkurat den kommunen. Det beste dømet er jo Øygarden kommune som har om lag same folketal som Austevoll og er ein øykommune ganske lik Austevoll. Kvar år har Øygarden 116 millionar meir til å bruke på vel 4500 innbyggjarar enn Austevoll. Er det slik det skal vera?

Austevoll er og rik på naturresursar gjennom havbruk og fiskeri. Men desse resursane blir ikkje sett på likt når inntektene til kommunane skal gjerast opp. Dei kommunane som har gjennom mange år lagt til rette for eit miljø innanfor slike næringar vert ikkje premiert gjennom inntektsystemet til kommunane i det heile tatt. Slike inntekter skal inn til Oslo og deles ut over heile landet. Då skulle dei heller håpa på eit Statoil-anlegg eller ein foss. Kan det vera rett?

I desse dagar blir eit nytt inntektsystem diskutert. Det er eit såkalla Sørheimsutval som har utgreia dette. Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa kalla dette framlegget eit meir rettferdig inntektsystem. Nokre av framlegga til dette utvalet var å la all selskapsskatt gå til staten og helde fram med å helde kraftinntekter og inntekter frå oljeanlegg utanom ordninga slik at slike inntekter framleis skal gå direkte til dei heldige kommunane.

Eg reagerer på at ein statsråd kan kalle eit slikt framlegg for eit meir rettferdig system. Denne Terrasaka viser heile Noreg at det er eit urettferdig inntektsystem me har og dette ynskjer dette utvalet skal helde fram. Det er heilt urimeleg at mange kommunar må kutte og redusere på budsjetta medan andre har så mykje pengar at dei kan spele seg på børs.

Eg meiner inntektsystemet må leggjast opp endå meir slik at verdier vert der dei blir skapt. Dei fleste bedrifter ynskjer at deira verdiskaping skal bli igjen lokalt for innbyggjarane i kommunane bedriftene er i. Å la alle ressursar bli igjen lokalt og ikkje berre kraft og oljeanlegg hadde vært eit meir rettferdig system.

Det er svært store kontrastar i kommunenorge denne hausten. Mange slit med å få gjort opp budsjetta for 2008 i balanse – dette får ingen merksemd i media. Medan andre får mykje merksemd fordi deira overflod av kommunale kroner vert spelt vekk på børs. La konklusjonen på dette bli at eit verkeleg meir rettferdig inntektsystem til kommunane må på plass.

Helge Andre Njåstad